

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Randaberg

Emne: Högtidsmat ved familiefester Bygdelag:

Oppskr. av: Tönnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24, Stavanger nr. 60 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle. Eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Födselen.

1. Ja.
2. Enkeltvis .
3. Nei.
4. 5-8 dagar.
5. Ein gong.
6. Oftast risgraut eller sviskegraut m/ småkaker.
7. Fell ut.
8. Steintöyterrin.
9. Ja.
10. Kona sjölv.
11. Mannen var ikje med.
12. Kaffi med noke å bite i.
13. Ikje noke namn.
14. Veit ikje om noe slikt.
15. Ja.
16. Skikken tok til å skifte for 30-40 år sidan.
17. Det hende nok.
18. No er det vanleg.
19. Ja. Faddere og slekt.
20. Ja.
21. Gjestene tok med seg sending. Til middag var det suppekjött eller steik.

22. Gudmor sende nok mest.

23. Som för.

B. Födselsdag.

24-29. Ikje noken fast skikk.

C. Konfirmasjon.

30. Faddere, nær slekt og ofte nokre av dei næra-grannene vart bedne.

31. Som för.

32. Fell ut.

33. Ja.

34. Skikken med gåver er frå seinare år.

35. Nei.

D. Bryllup.

36. Nei.

37. Sjå 36.

38. a) Det var no fyrst vanleg morgenmat for huslyden. Det neste var (etter det eg hugsar) eit måltid for huslyden og dei av bryllupsgjestene som var møtt fram i bryllupsgarden for å fylgja med til kyrkja. Heimkomne fra kyrkja skulle brurefylgjet sjölvsgåt ha middag: Anten steik med dessert eller kjøtt og suppe. Ein var svært nøye på at kvar fekk rette plassen ved bordet. Brura i brurestasen med myrtekranse på hovudet. Fyrste brura med brureslør i Randaberg var brur i 1890. Seinare på dagen var det kaffi med smörbrød og "gome". Og det var ikje små mengder gome som kjekk med i eit skikkeleg bryllup. Gomen var ferdig kokt i bryllupsgarden fyreåt. Og sume nærskylde hadde gome med som sending. Det er kan hende den ~~xx~~ "mektugaste" mat eg veit um: Innkokt ekstra god söt mjölk og egg. Oppskrift på ekte fest -gome er det vel ytterst få som har no. Eg fekk han for mange år sidan av syster mi. Når so gjestene hadde teke rikeleg tiseg av heimebrygga øl og diverse drammar, tok dei til å dansa. Seinare ut på kvelden og også ut på natta var det mat på ny. Ikje rettare eg hugsar var det ved fyrste kveldsmålet at brura i full brurestas skulle gå fyrst av dei som bar inn bruregrauten. På dette tidspunkt kom unggutane i grannelaget med i leiken: Med det same brura gjekk inn i stova med ein terrin varm bruregraut, smalt det skot gjenom döra og utanfor minaugan so ein kunne få ein stökk nokon kvar om ein ikje fyreåt visste kva som var tøss. Folk sa at det hadde hendt at brura hadde slept terrinen i golvet. Og det var no det gutane hadde vore ute for å få til.

Andre brullupsdagen var brura i vanleg helgadagsbunad. Og elles gjekk denne dagen med

Framhald av emne 39.

mat og drikke, radl, leik og dans.

Tredje dagen var det litt tilstelling for dei som hadde hjelpt til

39-40. Om desse spørsmåla veit eg lite og ingen ting.

41. I Randaberg brukte dei ikje be-mann. So langt som ~~xi~~ til ut i 1890-åra var det brura som gjekk rundt og ba til bryllups. Skulle det være stort bryllup, var det ein hard jobb for henne. Det faste ritual var: Eg skulle helsa frå mor og far og be om N/N/ vilde være gild og koma i brylluppet mit. So vart ho bydd ein dram og småkaker, og eit par kringler(Bergenskringler) måtte ho ta med seg. Drammen måtte ho so vidt nippa til, og kringlene galldt det om å gi bort fortast råd var. For elles ville det snart verta for mykje av både dram og kringler.

42. Sendingen vart kalla "sending".

43. Sendingen vart boren fram til bryllupshuset kvelden fyre bryllupet av ei dotter til gjesten, eller der det inga dotter var, av ein annan.

44. Ja, det var då litt traktering, men ikke namn på trakteringa var det ikkje.

45 og 46 kan eg ikkje gi noen svar på.

47. Nei. Eg har ikje ~~kjørt kjørt~~ höyrd om fleire-dagars bryllup etter arhundradskiftet. Men på den tida hadde eg lite kontakt med Randaberg.

48. Mest alle bryllupsselskaper vert no haldne på hotell.

49. Det hender nok ikkje så sjeldan.

50. Det vert nok presanger sjølv om der ikkje er bryllup.

51. Ikke det eg veit av.

E. Gravöl.

52. Ingen vart beden til gravferd.

53. Var gravferda frå heimen- og det var det vanlege för i tida- vart dei som kom, trakterte med kaffi og smörbröd.

Som De vil skyna var gravöl ikkje i bruk i Randaberg.

54-69. Svar på desse spørsmåla fell difor burt.

F. Nye festar.

70-75. I Randaberg har det ikkje danna seg nokon tradisjon om nokon av dei ting som er nemnde i desse spørsmåla. Bygda ligg nok altfor nær byen til det.